



Bergen, 3.11.1987  
EHB/MN

SØKNAD OM LISENS FOR NORSKE FISKE- OG FANGSTFARTY I SOVJETISK  
SONE I 1988.

Drøftingane med Sovjet er enno ikkje avslutta, men vi legg i denne samanheng til grunn at ordninga med omsyn til lisens vert den same som vi har hatt tidlegare år. Alle fiske- og fangstfarty som skal driva i sovjetisk sone må ha lisens frå sovjetiske styremakter.

Farty som vil delta i fiske og/eller fangst i sovjetisk sone i 1988 må fylla ut og senda inn vedlagde (./.) søknadsskjema til Fiskeridirektøren snarast råd er, og seinast innan 1. desember 1987.

Fiskeridirektøren vil understreka at fiske i sona utan lisens vert sett på som eit svært grovt brot på sovjetiske fiskeriføresegner.

For å sleppa seinare endringar i lisensen for 1988 må De i søknaden oppgje rommelege tidsrom og alle reiskap- og fiskeslag som kan verta aktuelle for Dykkar vedkomande. Endringar i lisensen i løpet av 1988 vil normalt ta lang tid.

Søknadsskjema får De ved å venda Dykk til: Fiskerirettleiarane, Fiskerisjefane, Norges Råfisklag, Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag, Sogn og Fjordane Fiskesalslag, Feitsildfiskernes Salgslag, Noregs Sildesalslag, Norske Trållerrederiets Forening, Fiskebåtredernes Forbund og Fiskeridirektøren.

Ver god bruk skrivemaskin ved utfyllinga.

-----